



I fjor var det 14 førsteklassingar, no blir det 23. Dette er fjorårskullet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No nærmar skulestarten seg med raske steg og det skjer onsdag til veka - den 18. august.

Klassane frå andre til og med sjuande skal møta fram klokka 8.20 medan førsteklassingane møtar 9.35.

Skule- og barnehageruta for Uskedalen fortel at det er planleggjings dagar for den kommunale barnehagen måndag 16. og tysdag 17 og start dagen etter.

Skulen har planleggjingsdag tysdag 17.

Hautferien er frå 11. til 15. oktober og vinterferien frå 1. til 4. mars.

Elevtalet ved skulen er på veg oppover. Det er denne hausten 23 førsteklassingar slik at talet kjem opp i 104, opplyser rektor Vidar Haugland til uskedalen.no

Sist skuleår var det 94 elevar etter at 14 hadde starta i førsteklassa.